## Sigra over oddingane på Husnes

09.03.2008




Jentene frå Rosendal og Uskedalen som vann på Husnes: Margareth Sæle, Monika H. Kårstad, Ingeborg Lunde, Silje Bråtun,Tonja Skåla, Anette Sandnes og Marie Helene Raudstein.(Foto frå Trios nettside)

**Under Trio Cup i fotball i helga har jentene (15-16 år) frå Rosendal og Uskedalen gjort det skarpt.**

Som venta vart det eit hardt nappetak med Odda. I gruppespelet vann dei 1-0 over oddingane og dei tok tidleg leiinga i finalen. Men oddingane utlikna i sluttminuttane og det vart ikkje mål i ekstraomgangane.

Difor måtte det straffespark til og her vart målvakt Silje Bråtun frå Uskedalen den store helten. Først scora ho og etterpå redda ho det siste forsøket til oddingane!